



**DEN NORSKE KYRKJA**

Meland sokneråd

Postboks 117

Tlf: 56171480

post@melandkyrja.no

Meland kommune  
Kommunestyret

Frekhaug 15.12.2014

### **Framlegg til nye satsar for festeavgift på kyrkjegarden**

Meland sokneråd vedtok 9. desember 2014 følgjande framlegg til nye festeavgifter på Meland kyrkjegard frå 2015:

- Feste av grav pr år (inntil 60år) kr 300 pr år
- Feste av grav pr år (over 60 år) kr 600 pr år
- Feste av særskild grav (reservasjon for dobbelgrav – 20 år) kr 4000

Etter Gravferdslova § 21 skal kommunestyret fastsetje festeavgiftene etter forslag frå fellerådet (=soknerådet i eittsokns-kommunar).


Soknerådet har samtidig vedteke ei endring på faktureringsrytmen frå kvart 10. år til kvart 5. år, noko som kanskje vil bli lovpålagt ved neste lovendring. (Jf høyringa «Lik og likskap» tidlegare i haust). Det betyr at summene som den enkelt festar skal betale ikkje blir så stor som ved 10-års fakturering og meir overkommeleg for dei fleste. Det betyr også at vi i mindre grad vil miste kontaktinformasjonen på festar i mellomrommet mellom faktureringane og det kan spare oss for mykje meirarbeid.

Sist auke var i 2012 då festeavgifta auka frå 50 pr år til 200 pr år. Soknerådet meiner det er viktig å løfte satsane opp til eit nivå som meir samsvarer med utgiftene i gravferdsdrifta og -administrasjonen. Vi er i eit pressområde og det kan vere like relevant å samanlikne seg med Bergen kommune som med Nordhordland elles. I Bergen kommune er festeavgiftene 518 for kistegrav og 363 for urnegrav, I Nordhordland elles vil Meland kome på topp i festeavgift, Radøy sokneråd har auka frå 180-220 pr år frå 2015, medan dei andre kommunane ligg under det.

Når det gjeld dobbel festeavgift på graver over 60 år, så har dette vore praksis i Meland. Det er viktig å signalisere for festar at dei må tenke seg godt om før dei festar igjen ei så gamal grav, sidan det for gravferdsforvaltninga er ein stor kostnad å ta vare på ei grav. Større tempo på gjenbruk av graver bør vere eit mål når no Meland merkar sterkt press på ledig gravplassområde. Nokre gravplasser har vedtektsfesta ei maksimal festetid, det har ikkje Meland sokneråd vedtektsfesta, men bør vurderast ved neste vedtektsrevisjon. Ei slik vedtekt kan og bør opne opp for unntak ved skriftleg søknad.

Vi vonar kommunestyret kan ta framlegget til drøfting og vedtak så snart som råd. Vi kan vente med fakturering av festeavgift for 2015 og utover til vedtaket er gjort, viss det skjer til dømes i januar-februar.

Venleg helsing

  
Anne Sofie N. Uthaug  
Kyrkjeverje